

MØTEINNKALLING

Utval: **KOMMUNESTYRET**
Møtestad: **SOGNEFJORD HOTELL**
Møtedato: **11.12.2008** Tid: **1300**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenter er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
65/08	08/704	Foreldrebetaling i barnehagane for 2009.
66/08	08/709	Foreldrebetaling i skulefritidsordninga for 2009.
67/08	08/705	Regulering av satsar for eigenbetaling i pleie og omsorg for 2009.
68/08	08/724	Betalingssatsar i kulturskulen 2009
69/08	08/736	Regulering av årsgebyret for vatn
70/08	08/737	Regulering av årsgebyret for kloakk
71/08	08/738	Regulering av årsgebyret for renovasjon og slamtømming
72/08	08/734	Regulering av husleigene i kommunale bustader
73/08	08/295	Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009
74/08	08/669	Finansiering av investeringar som står udekka
75/08	08/647	Søknad om endring av reguleringsplanen for Nybø

- 76/08 08/697
Høring - Jordvernstrategi - strategi for fylkeslandbruksstyret og Fylkesmannen sitt arbeid med arealforvaltning og jordvern i S.og Fj
- 77/08 08/125
Strategi og retningslinjer for SMIL- og NMSK-midler 2009-2012
- 78/08 08/727
Plan for forvaltningsrevisjon 2009 - 2011
- 79/08 08/728
Plan for selskapskontroll 2009 - 2011
- 80/08 08/768
Kraftfondet - alternativ plassering
- 81/08 07/876
Reglement for finansforvaltning
- 82/08 08/764
Orienteringar

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Foreldrebetaling i barnehagane for 2009.

Sakshandsamar: Gunnar Steine
Arkivsak nr.: 08/704

Arkiv: 231

Sak nr.: Utval

120/08 Formannskapet

65/08 Kommunestyret

Møtedato

25.11.2008

11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK

For 2009 gjeld fylgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane i Leikanger kommune:

1. Satsane skal vera inntektsavhengige, der grensa mellom låg og høg sats for 2009 er sett til kr. 300.000,- med utgangspunkt i brutto skattbar inntekt ved siste skattelikning hausten 2007.

Satsar for foreldrebetaling frå 01.01.09		
	Høg sats	Låg sats
100% plass	2.330	2.100
60% plass	1.800	1.620
40% plass	1.500	1.350

2. Betalingsfristen er den 15. i månaden, juli er betalingsfri.
3. Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 eller fleire.
4. Betaling for mat i barnehagane vert fastsett til kr. 220,- per måned for 100% plass og elles justert prosentvis etter opphaldstid.
5. Betaling for kjøp av einskild dagar vert sett til kr. 210,- per dag

TILRÅDING:

For 2009 gjeld fylgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane i Leikanger kommune:

1. Satsane skal vera inntektsavhengige, der grensa mellom låg og høg sats for 2009 er sett til kr. 300.000,- med utgangspunkt i brutto skattbar inntekt ved siste skattelikning hausten 2007.

Satsar for foreldrebetaling frå 01.01.09		
	Høg sats	Låg sats
100% plass	2.330	2.100
60% plass	1.800	1.620
40% plass	1.500	1.350

2. Betalingsfristen er den 15. i månaden, juli er betalingsfri.
3. Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 eller fleire.
4. Betaling for mat i barnehagane vert fastsett til kr. 220,- per måned for 100% plass og elles justert prosentvis etter opphaldstid.
5. Betaling for kjøp av einiskiddagar vert sett til kr. 210,- per dag

DOKUMENT:

- Forskrift om foreldrebetaling av 23.04.04
- Gjeldande satsar for foreldrebetaling for 2008.
- Framlegg til statsbudsjett for 2009

SAKSUTGREIING:

For 2008 gjeld fylgjande satsar for foreldrebetaling i Leikanger kommune:

1. *Satsane skal vera inntektsavhengige, der grensa mellom låg og høg sats for 2008 er sett til kr. 300.000,- med utgangspunkt i brutto skattbar inntekt ved siste skattelikning hausten 2006.*

Satsar for foreldrebetaling frå 01.01.08		
	Høg sats	Låg sats
100% plass	2.330	2.100
80% plass	2.200	1.980
60% plass	1.800	1.620
40% plass	1.500	1.350

2. *Betalingsfristen er den 15. i månaden, juli er betalingsfri.*
3. *Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 eller fleire.*
4. *Betaling for mat i barnehagane vert fastsett til kr. 200,- pr. måned for 100% plass og elles justert prosentvis etter opphaldstid.*
5. *Betaling for kjøp av einiskiddagar vert sett til kr. 200,- pr. dag*
6. *Tilbod om 80% plass går ut frå barnehageåret 2008/2009.*

Regjeringa har i framlegget til statsbudsjett for 2009 gjort framlegg om at maksimalprisen for barnehageplass vert uendra frå 2008, kr. 2.330,- per måned for full plass.

Kommunestyret har tidlegare vedteke å ta bort alternativet med 80% plass frå hausten 2008.

Betalingssatsen for matpengar ved 100% plass i 2008 er kr. 200,- per måned. Rådmann gjer framlegg om at satsen vert auka til kr. 220,- frå 01.01.09.

Rådmann gjer framlegg om at betaling for kjøp av einskilddagar vert auka frå kr. 200,- til kr. 210,- per dag frå 01.01.09.

Rådmann gjer vidare framlegg om at betalingssatsane for redusert plass og inntektsgrensa mellom høg og låg sats som for 2008 ,- vert uendra i 2009.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Foreldrebetaling i skulefritidsordninga for 2009.

Sakshandsamar: Gunnar Steine
Arkivsak nr.: 08/709

Arkiv: 231

Sak nr.: Utval

121/08 Formannskapet

66/08 Kommunestyret

Møtedato

25.11.2008

11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Foreldrebetalinga i skulefritidsordninga for 2009 vert slik per måned:

Alternativ	Innhald	Pris
A	5 dagar per veke før og etter skuletid utan feriar	Kr. 1.650,-
B	5 dagar per veke før og etter skuletid inkludert feriar og fridagar minus skulen sin sommarferie	Kr. 1.914,-
C	Berre onsdagar	Kr. 792,-
D	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.	Kr. 1.093,-

For alternativ A, B og C gjeld betalinga per måned i 11 månader. Juli er betalingsfri måned. For alternativ D gjeld betalinga per veke. Det er høve til kjøp av inntil 2 enkeltdagar per måned utanom feriane. Pris per dag kr. 237,-
Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn, dette gjeld og for alternativ D.

TILRÅDING:

Foreldrebetalinga i skulefritidsordninga for 2009 vert slik per måned:

Alternativ	Innhald	Pris
A	5 dagar per veke før og etter skuletid utan feriar	Kr. 1.650,-
B	5 dagar per veke før og etter skuletid inkludert feriar og fridagar minus skulen sin sommarferie	Kr. 1.914,-
C	Berre onsdagar	Kr. 792,-
D	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.	Kr. 1.093,-

For alternativ A, B og C gjeld betalinga per måned i 11 månader. Juli er betalingsfri måned. For alternativ D gjeld betalinga per veke. Det er høve til kjøp av inntil 2 enkeltdagar per måned utanom feriane. Pris per dag kr. 237,-
Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn, dette gjeld og for alternativ D.

DOKUMENT:

- Kommunestyresak 72/08

SAKSUTGREIING:

Skulefritidsordninga gjev hausten 2008 tilbod til 74 ungar, dette er 13 færre enn på same tidpunkt i 2007.

Som fylgje av utviding av timetalet i småskulen frå hausten 2008 vart opningstidene og dermed betalingssatsane endra, jfr. sak K72/08.

Opningstidene er som fylgjer:

SFO morgon	Timar	SFO etter skuletid	Timar	Sum timar
07.30 – 09.00	01.30	14.30 – 16.30	02.00	03.30
07.30 – 09.00	01.30	14.30 – 16.30	02.00	03.30
07.30 – 09.00	01.30	12.45 – 16.30	03.45	05.15
07.30 – 09.00	01.30	14.30 – 16.30	02.00	03.30
07.30 – 09.00	01.30	13.30 – 16.30	03.00	04.30
Sum timar SFO vil vera open per veke				20.15

Frå skulestart 2008 vert det vedteke fylgjande alternativ med tilhøyrande betalingssatsar:

Alternativ	Innhald	Pris
A	5 dagar per veke før og etter skuletid utan feriar	Kr. 1.250,-
B	5 dagar per veke før og etter skuletid inkludert feriar og fridagar minus skulen sin sommarferie	Kr. 1.450,-
C	Berre onsdagar	Kr. 600,-
D	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.	Kr. 828,-

For alternativ A, B og C gjeld betalinga per måned i 11 månader. Juli er betalingsfri måned. For alternativ D gjeld betalinga per veke

Det er høve til kjøp av inntil 2 enkeltdagar per måned utanom feriane. Pris per dag kr. 180,-
Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn.

Ved handsaminga av sak 72/08 vart det frå rådmann si side peika på at kommunestyret i samband med budsjettmøtet i desember måtte vurdere betalingssatsane på ny ut frå dei erfaringane ein gjorde seg hausten 2008. I ettertid ser ein at dei nye betalingssatsane måtte vore høgare for å nå innteksmåla i budsjettet.

Frå skulestart hausten 2008 vart timetalet i SFO redusert som fylgje av utvida timetal i skulen. Med utgangspunkt i det talet ungar som per no er i SFO, vil den reduserte opningstida med tilhøyrande lågare betaling føra til ein reduksjon i foreldrebetalinga med om lag kr. 300.000,- på årsbasis. Ein reduksjon i dette omfanget var ikkje innarbeidd i rammesaka i juni månad.

Dersom ein legg til grunn noverande barnetal og uendra betalingssatsar vil inntektene frå foreldrebetalinga for 2009 kunne bli om lag kr. 935.000,- mot budsjettert kr. 1.236.000,- for 2008 og kr. 1.240.000,- i rammesaka for 2009.

Med gjeldande betalingssatsar er betalinga per time for alternativ A om lag kr. 17,- per time. For å nå inntektsmåla i budsjettet må betalingssatsane auka med om lag 32%

Ut frå den økonomiske situasjonen kommunen er i, vil rådmann tilrå at betalingssatsane for 2009 vert auka med 32%

Nye satsar vert etter dette:

Alternativ	Innhald	Pris
A	5 dagar per veke før og etter skuletid utan feriar	Kr. 1.650,-
B	5 dagar per veke før og etter skuletid inkludert feriar og fridagar minus skulen sin sommarferie	Kr. 1.914,-
C	Berre onsdagar	Kr. 792,-
D	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.	Kr. 1.093,-

For alternativ A, B og C gjeld betalinga per månad i 11 månader. Juli er betalingsfri månad. For alternativ D gjeld betalinga per veke

Det er høve til kjøp av inntil 2 enkeltdagar per månad utanom feriane. Pris per dag kr. 237,-

Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn, dette gjeld og for alternativ D.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Regulering av satsar for eigenbetaling i pleie og omsorg for 2009.

Sakshandsamar: Gunnar Steine
Arkivsak nr.: 08/705

Arkiv: 231

Sak nr.:	Utval	Møtedato
119/08	Formannskapet	25.11.2008
67/08	Kommunestyret	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Fastsetjing av kurdøgnpris

Kurdøgnprisen ved Leikanger sjukeheim vert for 2009 fastsett til kr. 2.049,-

2. Vederlag for opphald på Leikanger sjukeheim

Korttidsopphald og dag/natt opphald:

Betaling for korttidsopphald og dag/nattopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet. Desse satsane er pr. dato inntil kr 118,- pr. døgn for korttidsopphald og inntil kr 59,- pr. dag/natt opphald.

Langtidsopphald:

Betaling for langtidsopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet.

3. Husleige i trygde- og omsorgsbustadar.

Husleigene vert auka med 4% frå 2008 til 2009.

Månadsleiga for 5 bustader i Lundene, 3 store bustader i Leitevegen og 4 omsorgsbustader vert kr. 3.610,-.

Månadsleiga for 3 små bustader i Leitevegen vert kr. 2.934,-.

4. Leige av tryggleiksalarm:

Gjeldande månadsleige vert auka med 4% til kr. 182,- i 2009.

5. Satsar for kjøp av mat/matombringning frå sjukeheimen:

Satsane for 2009 vert fastsett til:

Kjøp av middag: kr. 63,-
 Kjøp av frukost/kvelds: kr. 27,-

6. Regulering av satsane i heimebasert omsorg:

Vederlag for heimebaserte tenester som kjem inn under Lov om sosiale tenester § 4-2a vert for 2009 fastsett til:

Inntil 2G	Kr 150,-	i abonnement	kr 30,-	pr. time t.o.m. 5t/mnd.
2G-3G	Kr 657,-	”	kr 73,-	” 9 t / mnd.
3G-4G	Kr 1.125,-	”	kr 125,-	”
4G-5G	Kr 1.494,-	”	kr 166,-	”
5G-6G	Kr 1.683,-	”	kr 187,-	”
Over 6G	Kr 1.872,-	”	kr 208,-	”

For vaktmeistertenester som ikkje vert omfatta av forskrifta om eigenbetaling aukar vederlaget frå kr 100,- pr. time til kr. 104,-

TILRÅDING:**1. Fastsetjing av kurdøgnpris**

Kurdøgnprisen ved Leikanger sjukeheim vert for 2009 fastsett til kr. 2.049,-

2. Vederlag for opphald på Leikanger sjukeheim

Korttidsopphald og dag/natt opphald:

Betaling for korttidsopphald og dag/nattopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet. Desse satsane er pr. dato inntil kr 118,- pr. døgn for korttidsopphald og inntil kr 59,- pr. dag/natt opphald.

Langtidsopphald:

Betaling for langtidsopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet.

3. Husleige i trygde- og omsorgsbustadar.

Husleigene vert auka med 4% frå 2008 til 2009.

Månadsleiga for 5 bustader i Lundene, 3 store bustader i Leitevegen og 4 omsorgsbustader vert kr. 3.610,-.

Månadsleiga for 3 små bustader i Leitevegen vert kr. 2.934,-.

4. Leige av tryggleiksalarm:

Gjeldande månadsleige vert auka med 4% til kr. 182,- i 2009.

5. Satsar for kjøp av mat/matombringning frå sjukeheimen:

Satsane for 2009 vert fastsett til:

Kjøp av middag: kr. 63,-

Kjøp av frukost/kvelds: kr. 27,-

6. Regulering av satsane i heimebasert omsorg:

Vederlag for heimebaserte tenester som kjem inn under Lov om sosiale tenester § 4-2a vert for 2009 fastsett til:

Inntil 2G	Kr 150,- i abonnement	kr 30,- pr. time t.o.m. 5t/mnd.
2G-3G	Kr 657,- ”	kr 73,- ” 9 t / mnd.
3G-4G	Kr 1.125,- ”	kr 125,- ”
4G-5G	Kr 1.494,- ”	kr 166,- ”
5G-6G	Kr 1.683,- ”	kr 187,- ”
Over 6G	Kr 1.872,- ”	kr 208,- ”

For vaktmeistertenester som ikkje vert omfatta av forskrifta om eigenbetaling aukar vederlaget frå kr 100,- pr. time til kr. 104,-

DOKUMENT:

- Gjeldande satsar for 2008.

SAKSUTGREIING:**1. Kurdøgnpris ved sjukeheimen.**

I samband med fastetjing av betalingssatsar for pleie- og omsorgstenestene skal kommunen kvart år i samband med budsjettvedtaket fastsetja kurdøgnprisen på sjukeheimen. Krav om eigenbetaling kan aldri overstiga denne satsen.

Kurdøgnprisen vert utrekna ved å devidera netto driftsutgifter på tal godkjende plassar i institusjonen. Inntekter frå eigenbetaling vert halde utanfor.

Med utgangspunkt i budsjettframlegget for 2009 og med 29 plassar, er kurdøgnprisen i samsvar med retningslinene fastsett til kr. 2.049,-

2. Vederlag for opphald på Leikanger sjukeheim

Korttidsopphald og dag/natt opphald:

Betaling for korttidsopphald og dag/nattopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet. Desse satsane er per dato inntil

kr 118,- pr. døgn for korttidsopphald og inntil kr 59,- pr. dag/natt opphald. Kommunen har ikkje høve til å fastsetja høgare satsar enn dette.

Langtidsopphald:

Betaling for langtidsopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet. Ved utrekning av eigenbetaling for langtidsopphald skal ikkje vederlaget overstige dei reelle opphaldsutgiftene. I følgje forskrifta kan det krevjast 75% av inntekter svarande til grunnbeløpet i folketrygda fråtrekt eit fribeløp, som blir fastsett av Kongen. Betalinga skal avgrensast slik at den einskilde bebuar har att minst 25% av grunnbeløpet i folketrygda i tillegg til fordelten av fribeløpet. Av inntekter utover grunnbeløpet i folketrygda kan det krevjast inntil 85%. Leikanger sjukeheim fastset eigenbetaling for langtidsopphald etter denne forskrifta.

3. Regulering av husleige i trygde- og omsorgsbustadar:

Rådmann gjer framlegg om at husleiga for kommunen sine trygde- og omsorgsbustader vert auka med 4% frå 2008 til 2009.

Månadsleiga for 5 bustader i Lundene, 3 store bustader i Leitevegen og 4 omsorgsbustader vert auka med med kr. 138,- frå kr. 3472,- til kr. 3.610,-

Månadsleiga for 3 små bustader i Leitevegen vert auka med med kr. 113,- frå kr. 2.826,- til kr. 2.934,-

4. Regulering av leige for tryggleiksalarm:

Det er pr. dato utplassert over 50 tryggleiksalarmer. Leikanger kommune v/ pleie og omsorgsavdelinga leiger tryggleiksalarmer for igjen å leige ut til heimebuande brukarar.

Leigeprisen i 2008 er kr. 175,-

Rådmann gjer framlegg om 4% auke slik at ny leigepris for 2009 vert kr 182,-

5. Regulering av matprisar/matombringning:

Kjøkkenet på sjukeheimen gir tilbod til heimebuande eldre om kjøp av måltid på sjukeheimen eller bringing av middag heim. Tiltaket er populært og om lag 30 porsjonar blir leverte ut frå kjøkkenet kvar dag. Prisen er den same for dei som får middagen bringa heim som for dei som kjem til sjukeheimen og et. Frå 2007 til 2008 vart prisane auka med 25% til kr. 61,- for middag og kr. 26,- for frukost/kvelds.

Rådmann gjer framlegg om at satsane vert auka med om lag 4% i 2009. Dei nye satsane vert då kr. 63,- for middag og kr. 27,- for frukost/kvelds

6. Regulering av satsane i heimebasert omsorg:

Kommunen kan etter nærare reglar krevja vederlag for tenester etter Lov om sosiale tenester § 4-2 bokstav a.

Rådmann tilrår framhald av ordninga med å nytte abonnementsprinsippet der ein graderer eigenbetalinga etter inntekt. Etter gjeldande forskrift kan kommunen sjølv fastsetja storleiken på eigenbetalinga. Det er likevel slik at satsane ikkje må overstige kommunen sine egne utgifter med ordninga. Det er vidare fastsett i forskrifta at brukarar av desse tenestene med inntekter inntil 2G ikkje skal betale meir enn kr.150,- per månad. 2G utgjer i dag kr. 140.512,-

For 2008 vart det fastsett slik eigenbetaling:

Inntil 2G	Kr	150,-	i abonnement	kr	30,-	pr. time t.o.m. 5 t / mnd.
2G-3G	Kr	630,-	”	kr	70,-	” 9 t / mnd.
3G-4G	Kr	1.080,-	”	kr	120,-	”
4G-5G	Kr	1.440,-	”	kr	160,-	”
5G-6G	Kr	1.620,-	”	kr	180,-	”
Over 6G	Kr	1.800,-	”	kr	200,-	”

For vaktmeistertjenester som ikkje vert omfatta av forskrifta om eigenbetaling aukar vederlaget kr 89,- pr. time til kr. 100,-

For å nå inntektsmåla i budsjettet og unngå reduksjonar i drifta gjer rådmann framlegg om at timesatsane vert auka med 4% i 2009, men likevel slik at maksimal betaling for dei med inntekt under 2G ikkje overstig kr. 150,- pr. mnd.

Inntil 2G	Kr	150,-	i abonnement	kr	30,-	pr. time t.o.m. 5 t / mnd.
2G-3G	Kr	657,-	”	kr	73,-	” 9 t / mnd.
3G-4G	Kr	1.125,-	”	kr	125,-	”
4G-5G	Kr	1.494,-	”	kr	166,-	”
5G-6G	Kr	1.683,-	”	kr	187,-	”
Over 6G	Kr	1.872,-	”	kr	208,-	”

For vaktmeistertjenester som ikkje vert omfatta av forskrifta om eigenbetaling aukar vederlaget kr 100,- pr. time til kr. 104,-

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Betalingsattsar i kulturskulen 2009

Sakshandsamar: Roar Sandnes
 Arkivsak nr.: 08/724

Arkiv:

Sak nr.:	Utval	Møtedato
122/08	Formannskapet	25.11.2008
68/08	Kommunestyret	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kulturskulen i Sogn sine elevar i Leikanger betaler kr. 1.600,- pr. semester for individuell undervisning i 2009. Gruppeundervisning kostar kr. 930,- pr. semester. Tilbodet har 25% søskenmoderasjon.

Økonomiavdelinga krev inn elevpengane 1. mars og 1.oktober.

Kjøparar av tenester betaler 80% av dei faktiske kostnadene i 2009.

TILRÅDING:

Kulturskulen i Sogn sine elevar i Leikanger betaler kr. 1.600,- pr. semester for individuell undervisning i 2009. Gruppeundervisning kostar kr. 930,- pr. semester. Tilbodet har 25% søskenmoderasjon.

Økonomiavdelinga krev inn elevpengane 1. mars og 1.oktober.

Kjøparar av tenester betaler 80% av dei faktiske kostnadene i 2009.

DOKUMENT:

- Kommunestyresak 38/08 Evaluering av Kulturskulen i Sogn.

SAKSUTGREIING:

Kommunestyret vedtok i sak 38/08 "Evaluering av Kulturskulen i Sogn" å ha same elevpengar i 2009 som i 2008. Dette vart vedteke på møte 19.06.08 .

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Regulering av årsgebyret for vatn

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 08/736

Arkiv: 231

Sak nr.:	Utval	Møtedato
125/08	Formannskapet	25.11.2008
69/08	Kommunestyret	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsgebyret for vatn vert auka med 12 % frå 01.01.2009.

Abonnementsgebyret for normal sats vert kr. 1.265,-. Forbruksgebyret vert kr. 10,83 pr. m³.

Mva. kjem i tillegg.

TILRÅDING:

Årsgebyret for vatn vert auka med 12 % frå 01.01.2009.

Abonnementsgebyret for normal sats vert kr. 1.265,-. Forbruksgebyret vert kr. 10,83 pr. m³.

Mva. kjem i tillegg.

DOKUMENT:

- Budsjetframlegg for 2008.

SAKSUTGREIING:

Inntektene til vassforsyninga er tilknytingsgebyr og årsgebyr. Dei skal dekke 100 % av utgiftene. For eit bustadhus med bruksareal mellom 100 og 250m² er årsgebyret for vatn i 2008 kr.3064,-, eks.mva.

Årsgebyret for vatn er sett saman av to deler: Abonnentsgebyr og forbruksgebyr. Fondsmidlane for vassforsyninga var brukt opp i 2007.

Årsgebyret vart sist regulert i 2008. Gebyret vart då auka med 13 %. Den eine delen avgebyrauken er løns- og prisauke og auka driftsutgifter på reinseanlegget. Den andre delen er for å møte auka avskrivningane av investeringane i oppgradering av reinseanlegget og tiltak for å redusert lekkasjane. I tillegg kjem investeringane knytt til leidningsanlegget i sentrum knytt til Saftenutbygginga.

Det vert for tida arbeidd med ein rapport om tiltaka på reinseanlegget. Kalkylen pr.13.11.08 syner eit investeringsbehov på 2,0 mill, fordelt på 1,0 mill til UV-anlegg og 1,0 mill til utstyr som naudaggregat og ombygging av røyrarrangement med automatikk. Det må reknast ei avskrivningstid på 10 år på denne investeringa.

For å få redusert lekkasjane må det skaffast oversikt over kvar lekkasjane finst på nettet. I første omgang vil dette vera å montera faste vassmålarar på utvalde stader på nettet. Dette krev nye og kummar til montering av målarane. Kostnaden med denne fasen kan setjast til 1,0 mill. Seinare må det setjast av midlar til systematisk utskifting av dei delen av leidningsnettet som har mest lekkasjar.

Arbeidet med leidningsanlegget i sentrum har vore ute på tilbod. Kostnaden med vassforsyningsdelen er 300.000 kr.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Regulering av årsgebyret for kloakk

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 08/737

Arkiv: 231

Sak nr.:	Utval	Møtedato
126/08	Formannskapet	25.11.2008
70/08	Kommunestyret	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsgebyret for kloakk vert auka med 4% frå 01.01.2009.

**Abonnementsgebyret for normal sats vert kr. 1150.- Forbruksgebyret vert kr. 9,29 pr. m3.
Mva. kjem i tillegg.**

TILRÅDING:

Årsgebyret for kloakk vert auka med 4% frå 01.01.2009.

**Abonnementsgebyret for normal sats vert kr. 1150.- Forbruksgebyret vert kr. 9,29 pr. m3.
Mva. kjem i tillegg.**

DOKUMENT:

- Budsjetframlegg for 2009.

SAKSUTGREIING:

Inntektene til avløpstenestene er tilknytingsgebyr og årsgebyr. Dei skal dekke 100 % av utgiftene.

Årsgebyret for kloakk er sett saman av to deler: Abonnentsgebyr og forbruksgebyr.

I budsjettframlegget til 2009 er det rekna at årsgebyra må aukast med om lag 4% for å dekke løns- og prisstigninga. For eit bustadhus med bruksareal mellom 100 og 250m² vil årsgebyret for kloakk auka frå kr.2886,- til kr.3008,-, eks.mva.

Årsgebyret vart sist regulert i 2005, då det vart sett ned med 3%.

Fondsmidlane for avløp er rekna til å vera 600.000 kr ved utgangen av 2008.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Regulering av årsgebyret for renovasjon og slamtømming

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 08/738

Arkiv: 231

Sak nr.:	Utval	Møtedato
124/08	Formannskapet	25.11.2008
71/08	Kommunestyret	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsgebyret for renovasjon vert auka med 15% frå 01.01.09. Nytt gebyr for standardabonnement vert kr. 2363,-. Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Årsgebyret for slamtømming vert auka med 8% frå 01.01.09. Nytt gebyr for standardabonnement vert kr. 896,-. Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Det vert teke atterhald om godkjenning i representantskapet i SIMAS.

TILRÅDING:

Årsgebyret for renovasjon vert auka med 15% frå 01.01.09. Nytt gebyr for standardabonnement vert kr. 2363,-. Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Årsgebyret for slamtømming vert auka med 8% frå 01.01.09. Nytt gebyr for standardabonnement vert kr. 896,-. Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Det vert teke atterhald om godkjenning i representantskapet i SIMAS.

DOKUMENT:

- Budsjetframlegg for 2009 frå SIMAS (teke inn i saksutgreiinga)
- Budsjetframlegg for 2009.

SAKSUTGREIING:

Styret i SIMAS har i budsjettframlegget for 2008 lagt inn ein auke i årsgebyret for renovasjon på 15% og for slam på 8%. Det er representantskapet som gjer endeleg vedtak om budsjettet i møte 5.desember.

Renovasjon

Med ein auke på 15% vil SIMAS sitt standardabonnement auka frå kr.2055,- til kr.2363,-, Auken i årsgebyret skuldast i tillegg til den generelle lønns- og prisstigningen myndigheitskrav frå 01.07.09 til sortering av avfall som kan leggjast på deponi. For renovasjon har kommunen pr. 01.01.08 kr.511.975.- avsett i fond. Det er budsjettert med bruk av fondsmidlar på kr.377.000.- i 2008.

Slam

Ein auke på 8% gjer at årsgebyret på tømning av ein vanleg slamavskiljar kvart 2. år vil auka frå kr.790,- til kr.896,- utan mva. Auken i årsgebyret for slam skuldast lønns- og prisstigninga. Prisstigninga for transportdelen har vore større enn den generelle.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Regulering av husleigene i kommunale bustader

Sakshandsamar: Inger Ryen Vinsrygg
Arkivsak nr.: 08/734

Arkiv: 231

Sak nr.:	Utval	Møtedato
123/08	Formannskapet	25.11.2008
72/08	Kommunestyret	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Husleiga i dei kommunale bustader vert auka med 4 % frå 01.01.09.

Netto husleige vert sett til:

Gjertrudbakken 2A,2B,4A,4B	kr 3 272,00
Hovdavegen 7,9,11	kr 2 890,00
Hovdavegen 13,15,19,21	kr 4 393,00
Hovdavegen 17,23,25,27	kr 4 718,00

Kommunale avgifter kjem i tillegg.

TILRÅDING:

Husleiga i dei kommunale bustader vert auka med 4 % frå 01.01.09.

Netto husleige vert sett til:

Gjertrudbakken 2A,2B,4A,4B	kr 3 272,00
Hovdavegen 7,9,11	kr 2 890,00
Hovdavegen 13,15,19,21	kr 4 393,00
Hovdavegen 17,23,25,27	kr 4 718,00

Kommunale avgifter kjem i tillegg.

DOKUMENT:

- Budsjettframlegg for 2009.

SAKSUTGREIING:

Formannskapet har i budsjettet for 2009 framlegg om 4 % auke i husleigene i dei kommunale bustadene.

Auken i husleiga skuldast den generelle lønns- og prisstigninga.

Husleiga samsvarar nokolunde med andre offentlege utleigebustader i Leikanger.

Husleiga pr.månad er i dag:

	Netto husleige
Gjertrudbakken 2A,2B,4A,4B	kr 3 146,00
Hovdavegen 7,9,11	kr 2 779,00
Hovdavegen 13,15,19,21	kr 4 224,00
Hovdavegen 17,23,25,27	kr 4 537,00

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
Arkivsak nr.: 08/295

Arkiv: 145

Sak nr.:	Utval	Møtedato
118/08	Formannskapet	25.11.2008
73/08	Kommunestyret	11.12.2008
133/08	Formannskapet	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtek:

Budsjett 2009 og Økonomiplan 2009 – 2012 for Leikanger kommune i samsvar med formannskapet sitt framlegg i sak 118/08 i møte 25.11.08 med disse endringane i investeringsbudsjettet for 2009:

03411	Vassverket – UV-anlegg m.m	2.000.000 kr
03412	Vassleidning – lekkasjesøking	1.000.000 kr
03412	Vassleidning – sentrum	550.000 kr
03422	Avløpsleidning – sentrum	650.000 kr
03531	Nybø barnehage – utgreiing	300.000 kr
03721	Grunnkjøp – friareal Njøsaelvi	200.000 kr

Midlar til konsulentutgreiing om den kommunale drifta må dekkast over driftsbudsjettet og vert å handsama som eiga sak.

Stønad til dei politiske partia vert teke inn med 15.000 kr, dekkta ved auka bruk ved fond.

Skatt til kommunen blir fastsett i samsvar med høgste lovlege sats.

Eigedomsskatt til kommunen bli fastsett til 7 0/00.

Godtgjersle til ordførar blir fastsett til kr.....

Balanse i 2009 – 2012 blir dekkta ved bruk av disposisjonsfond med tilsaman kr.11.105.000.

HANDSAMING:

Framlegg frå representanten Jarle Andersen:

Stønad til dei politiske partia vert teke inn med 15.000 kr, dekkta ved auka bruk av fond.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

TILRÅDING:**Kommunestyret vedtek:**

Budsjett 2009 og Økonomiplan 2009 – 2012 for Leikanger kommune i samsvar med formannskapet sitt framlegg i sak 118/08 i møte 25.11.08 med desse endringane i investeringsbudsjettet for 2009:

03411	Vassverket – UV-anlegg m.m	2.000.000 kr
03412	Vassleidning – lekkasjesøking	1.000.000 kr
03412	Vassleidning – sentrum	550.000 kr
03422	Avløpsleidning – sentrum	650.000 kr
03531	Nybø barnehage – utgreiing	300.000 kr
03721	Grunnkjøp – friareal Njøsaelvi	200.000 kr

Midlar til konsulentutgreiing om den kommunale drifta må dekkast over driftsbudsjettet og vert å handsama som eiga sak.

Stønad til dei politiske partia vert teke inn med 15.000 kr, dekka ved auka bruk ved fond.

Skatt til kommunen blir fastsett i samsvar med høgste lovlege sats. Eigedomsskatt til kommunen bli fastsett til 7 0/00.

Godtgjersle til ordførar blir fastsett til kr.....

Balanse i 2009 – 2012 blir dekka ved bruk av disposisjonsfond med tilsaman kr.11.105.000.

DOKUMENT:

- Økonomiplan 2009-2012 med årsbudsjett for 2009 (vedlegg)

Innkomne merknader:

- Kommentar frå Leikanger Sokneråd, datert 11.09.2008 (vedlegg)
- Brev frå Leikanger Sokneråd, datert 01.12.2008 (vedlegg)
- Budsjettforslag frå kontrollutvalet (vedlegg)
- Brev frå leiar i Rådet for eldre og menneske med funksjonshemming (vedlegg)
- Søknad om kommunalt tilskot frå Forsøksringen Sogn og Fjordane (vedlegg)
- Kommunalt tilskot til Leikanger Næringshage AS (vedlegg)
- Brev frå AU-leider i Hanjahaugane barnhage (vedlegg)

SAKSUTGREIING:

Rådmann legg med dette fram forslag til Økonomiplan 2009-2012 samt årsbudsjett for 2009.

Hovuddokumentet i saka, Økonomiplan 2009-2012 med årsbudsjett for 2009, er lagt ved som vedlegg.

Dei andre vedlegga er innspel som er komme til kommunen vedrørande budsjett og øk.plan. Det er ikkje innarbeida midlar til desse sakene.

Økonomiplanen skal rullerst saman med årsbudsjettet kvart år.

Årsbudsjettet for 2009 er innarbeida som ein del av økonomiplan, slik at økonomiplan og budsjett vert eitt og same dokument.

Mål og rammer vart vedteke 19.06.2008 og på grunnlag av dette vedtaket sende rådmannen ut budsjetttrundskriv til sektorleiarane og tenesteeiningane.

Rammer for 2009 vart då vedteke med ei underdekning på 4,1 mill kroner.

For å kome ned på dette nivået, vart det samtidig gjort vedtak om reduksjonar for 2009 på til saman 4 millionar kroner.

Budsjett og økonomiplan for 2009-2012 vart vidare handsama i formannskapsmøte 04.11.2008. På dette tidspunktet viste driftsoversikten eit meirforbruk på ca. 5,3 mill kroner. For 4-årsperioden utgjer dette ca. kr. 19,4 mill kroner.

Det vart då gjort vedtak i om ytterlegare reduksjonar på ca. 2 mill kroner. Vedtaket er vist under kapittel 8, ”formannskapet sitt framlegg”.

Reduksjonar frå vedtaket 4.november er innarbeida i budsjett og økonomiplan, og endra resultat etter fordeling viser no eit meirforbruk i 2009 på kr.3.161.000,-.

For heile perioden utgjer dette eit meirforbruk av kr.9.539.000,-.

Det er vidare lagt inn investeringar i samsvar med vedtak 04.11.08 og for heile perioden vil det gi konsekvensar for drift på ca 1,9 mill kroner (netto).

Samla meirforbruk inklusiv investering (fråtrekt VAR og forventa rentekomp) er for perioden 2009-2012 på kr.11.507.000,-.

I møte 25.11.2008 kom Formannskapet med ny tilråding til kommunestyre. Tilrådinga inneheld nokre mindre endringar for drift samt ein del endring i investering.

Det aller meste av desse endringane i investeringar knyter seg til VAR-området og medfører heller små endringar for kommunen si drift.

For å få balanse i drift, må ein i 2009 balansere med kr.3.344.000,- frå disposisjonsfond.

For heile perioden 2009-2012 må ein for oppnå balanse nytte kr.11.558.000,- frå disposisjonsfond.

Konsekvensane frå investering er no auka opp til ca.2,2 mill kroner (netto).

Vi har i dag disposisjonsfond for ca 34.400.000,-, fordelt på 15 mil i kursreguleringsfond og ca. 19 mill i andre disp.fond.

Dagens situasjon tilseier at kursreguleringsfondet vert nytta 100% i samband med føring av tap på verdipapir i 2008. Vidare reknar vi med at også nær 7 mill. vi gå med til å dekke anna meirforbruk (budsjettert avkastning m.m.) i 2008.

Kommunen er då i ein situasjon der nær 100% av kommunen sine disposisjonsfond vert brukt opp til saldering av rekneskap / budsjett i løpet av perioden 2009-2012.

Dette bildet syner at Leikanger kommune framleis har eit driftsnivå som ligg langt høgare enn det løpande inntekter tilseier.

Rådmann minner og om at det i grunnlaget for 2009 og resten av perioden er innarbeida avkastning på 4,5 millionar kroner pr. år.

Dersom ein ikkje oppnår forventa avkastning, må ein saldere rekneskapen med ytterlegare bruk av fond.

Rådmann meiner difor ein framleis må ha eit sterkt fokus på økonomien og arbeide for å redusere kostnadene ytterlegare.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Finansiering av investeringar som står udekka

Sakshandsamar: Per Holen
 Arkivsak nr.: 08/669

Arkiv: 153

Sak nr.:	Utval	Møtedato
127/08	Formannskapet	25.11.2008
74/08	Kommunestyret	11.12.2008
134/08	Formannskapet	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Leikanger kommunestyre vedtek å dekke inn udekka sum kr.1.424.706,31 på tidlegare investeringar med ubrukne lån til:

Personalrom Henjahaugane barnehage	kr. 785.487,50
Vassleidning Holeskard	kr. 300.000,-
Kloakk Holeskard	kr. 256.169,-
<u>Gangveg Holeskard</u>	<u>kr. 83.049,81</u>
Sum	kr. 1.424.706,31

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek å dekke inn udekka sum kr.1.424.706,31 på tidlegare investeringar med ubrukne lån til:

Personalrom Henjahaugane barnehage	kr. 785.487,50
Vassleidning Holeskard	kr. 300.000,-
Kloakk Holeskard	kr. 256.169,-
<u>Gangveg Holeskard</u>	<u>kr. 83.049,81</u>
Sum	kr. 1.424.706,31

DOKUMENT:

- E-post av 16.10.08 frå kommuneskasseraren (vedlagt).

SAKSUTGREIING:

Revisor har påpeika at alle investeringane for 2007 ikkje er fullfinansierte og må dekkast i 2008.

Dette gjeld:

Opparbeiding bustadfeltet Hjedl	kr. 831.379,05
Oppgradering Leikanger ungdomsskule	kr. 501.895,98
Ekspropriasjon veg til Nybø	kr. 427.328,33
<u>Eigenkapitalinnskott KLP</u>	<u>kr. 495.482,-</u>
SUM	<u>kr.2.256.085,36</u>

I bustadfeltet Hjedl er det att 3 tomter som ikkje er selde til ein samla salverdi på kr.850.000. Rådmannen reknar med at desse tomtene vert selde i løpet av 2009 og at konto for opparbeiding av bustadfeltet Hjedl difor kan stå udekka i eit åt til.

Resten av investeringane er avslutta og må dekkast inn, til saman kr.**1.424.706,31**.

I 2007 vart det teke opp lån til diverse prosjekt som ikkje er gjennomførde:

Dette er:

Prosjekt	Lån oppteke	Brukt	Attståande lånesum
Personalrom Henjahaugane barnehage	800.000	14.512,50 til planlegging	785.487,50
Vassleidning Holeskard	300.000		300.000,-
Kloakkleidning Holeskard	300.000	43.831,- til planlegging	256.169,-
Gangveg Holeskard	400.000	Brukt 107.059 til planlegging, noko arbeid står att	249.241,-

Rådmannen vil tilrå at resterande lånesummar til nytt personalrom ved Henjahaugane barnehage, vassleidning og kloakkleidning Holeskard vert brukt til å fullfinansiera dei udekka investeringane med tillegg av kr.83.049,81 frå ubrukt lånesum til gangveg Holeskard. Desse prosjekta må finansierast på nytt fullt ut når dei vert prioriterte i økonomiplan/budsjett.

TILLEGG TIL SAKSUTGREIINGA TIL MØTE 11.12.08:

Etter nærare gjennomgang av reglane i Kommunelova syner det seg at inndekkinga av midlane til eige kapitalinnskottet i KLP ikkje kan skje ved bruk av lånemidlar. Inndekkinga kan her skje berre gjennom overføring drift eller ubundne kapitalfond/disposisjonsfond.

Rådmannen må difor komma med ei korrigert tilråding til formannskap/kommunestyret. Samla inndekning frå ubrukte lån vert då redusert til kr.929.224,31. Rådmannen vil då rå til at dei ubrukte lånemidlane til personalrom ved Henjahaugane barnehage vert skjerma, og at ein dekkar lånesummen frå veg, vatn og avløp i Holevegen så langt det står att midlar på dette prosjektet og tek resten frå oppteke lån i 2008 til bygging av garderove/dusjanlegg ved barneskulen, då ein reknar med at dette lånet vert erstatta av opptak av nytt lån etter den nye låneordninga som kom i statsbudsjettet for skular og symjebasseng.

NY TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek å dekkja inn udekka sum kr.929.224,31 på tidlegare investeringar med ubrukte lån til:
Vassleidning Holeskard **kr. 300.000,-**

Kloakk Holeskard	kr. 256.169,-
Gangveg Holeskard	kr. 200.000,-
<u>Opprusting barneskulen</u>	<u>kr. 173.055,31</u>
Sum	kr. 929.224,31

Udekket egenkapitaldel i KLP på kr. 495.482,- vert dekket ved bruk av disposisjonsfondet.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om endring av reguleringsplanen for Nybø

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 08/647

Arkiv: L12 &21

Sak nr.:	Utval	Møtedato
129/08	Formannskapet	25.11.2008
75/08	Kommunestyret	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Framlegg frå ordførar Olav Lunden:

1. Leikanger kommune som eigar av gnr.16 bnr.12 gir søkarane høve til å fremja reguleringsendring frå trafikkareal til leikeområde/fellesareal for det skisserte området ved tilkomstvegen til feltet.
2. Reguleringsframlegget skal stetta krava i Plan- og bygningslova. Endringa vert å handsama som ei vesentleg reguleringsendring.
3. Søknaden om endringane i §4.1 i reguleringsføresegnene kan fremjast etter at saka om plasseringa av leikearealet er godkjent.
4. Kommunen vil presisera at friarealet langs fjorden skal vera fri for private installasjonar.

Framlegget frå ordførar vart samrøystes vedteke.

HANDSAMING:

Framlegg frå ordførar Olav Lunden:

1. Leikanger kommune som eigar av gnr.16 bnr.12 gir søkarane høve til å fremja reguleringsendring frå trafikkareal til leikeområde/fellesareal for det skisserte området ved tilkomstvegen til feltet.
2. Reguleringsframlegget skal stetta krava i Plan- og bygningslova. Endringa vert å handsama som ei vesentleg reguleringsendring.
3. Søknaden om endringane i §4.1 i reguleringsføresegnene kan fremjast etter at saka om plasseringa av leikearealet er godkjent.
4. Kommunen vil presisera at friarealet langs fjorden skal vera fri for private installasjonar.

Framlegget frå ordførar vart samrøystes vedteke.

TILRÅDING:

- 1. Leikanger kommune som grunneiar gir søkarane høve til å fremja reguleringsendring frå trafikkareal til leikeområde/fellesareal for det skisserte området ved tilkomstvegen til feltet.**
- 2. Reguleringsframlegget skal stetta krava i Plan- og bygningslova. Endringa vert å handsama som ei vesentleg reguleringsendring.**
- 3. Søknaden om endringane i §4.1 i reguleringsføresegnene må då fremja på nytt.**
- 4. Det er ein føresetnad at det framleis vert oppstillingsplass for bosdunkar i enden av vegen ved snuplassen.**
- 5. Rådmannen får fullmakt til å justera grøntarealet i svingen i feltet i samråd med grendalaget.**

DOKUMENT:

- Reguleringsplan for bustadfeltet Nybø, godkjent 18.01.08.(vedlagt)
- Søknad av 08.10.08 frå 8 bustadeigarar i Nybø (ikkje vedlagt)
- Merknad av 10.11.08 frå Rigmor Wathne/Jarle Bøyum (ikkje vedlagt)
- Merknad av 10.11.08 frå 7 bustadeigarar i Nybø (ikkje vedlagt)
- Merknad av 15.11.08 frå 4 bustadeigarar i Nybø (ikkje vedlagt)
- Merknad av 14.11.08 frå Torunn E. Skjelbred (ikkje vedlagt).

SAKSUTGREIING:

8 bustadeigarar på Nybø søker om å få endra reguleringsplanen på 5 punkt. Desse punkta er:

1. Fellesområdet på sørsida av den kommunale vegen forbi dei nye bustadene. I reguleringsføresegnene §4.1 skal dette området innehalde leikeareal for barn, grøntareal og parkering. Det vert søkt om at leikearealet for born vert flytta til ein anna stad.
2. Fellesområdet, vegen ned til naust og brygge vert eigd av bustadeigedommane på nordsida av vegen (blokkene) med bruksrett for dei andre (einebustadene).
3. Leikeplassen for born vert flytta til eit område på sørsida av tilkomstvegen aust for gnr.16 bnr.14 (Torunn Skjelbred). Dette området eige kommunen. Det er i reguleringsplanen sett av som trafikkareal.
4. Det vert sett av eit område for oppstilling av bosdunkar på oversida av tilkomstvegen på motsett side av leikeplassen. Kommunen er eigar av dette området som er regulert til trafikkføremål.
5. Grøntområde i svingen inn til feltet vert regulert til trafikkareal.

Grunngiving for dei ulike punkta går fram av søknaden.

I samsvar med §28-1.2 i Plan- og bygningslova har søknaden vore sendt til eigedommar som endringa vedkjem til høyring.

Det er komme inn 4 merknader.

Rigmor Wathne/Jarle Bøyum vil at det framleis skal vera oppstillingsplass for bosdunkar i enden av vegen ved snuplassen.

7 bustadeigarar er ikkje einige i at reguleringsendringa er ei mindre vesentleg endring. Dei meiner at endringa er av prinsipiell karakter og bør handsamast som ei ordinær reguleringsendring med handsaming i kommunestyret. Dei meiner at planskissa i søknaden ikkje tilfredsstillar krava til plandokument i Plan- og bygningslova. Dei vil behalda teksten i reguleringsføresegnene for fellesområdet, slik at det mellom anna kan etablerast leikeplass i området den kommunale vegen og garasjane til einebustadene. Dei er ikkje imot at det vert stilt areal til disposisjon frå kommunen ved tilkomstvegen som omsøkt. Dei er imot å fjerna grøntarealet i svingen (pkt.5 i søknaden).

4 bustadeigarar kjem med framlegg om at området som er søkt om til leikeplass heller kan nyttast til felles parkeringsplass.

Torunn E. Skjelbred finn det ikkje mogeleg å ta stode til framlegget om leikeplass/fellesområde aust for hennar eigedom ut i frå den skissa ho har motteke. Ho krev å få ein meir utarbeidd plan for området.

Rådmannen si vurdering:

Hovudgrunnen til at fleirtalet av eigarane i fellesområdet ynskjer endringar i reguleringsplanen er at einebustadene i kjøpekontraktane sine med Diamantsaging Sogn AS har ulike formuleringa når det gjeld arealet mellom garasjane og vegen gjennom feltet. To av tomtekjøparane har i kjøpekontrakten fått eigedomsrett, to har fått bruksrett og ein har fått bruksrett og eventuelt seinare eigedomsrett. Kjøpekontraktane er eit privatrettsleg dokuemnet mellom kjøpar og seljar som kommunen ikkje har nokon partsforhold i.

Kommunen har to rollar i denne saka, den eine som grunneigar i det arealet som det vert søkt nytta til leikeplass og fellestiltak, den andre som planstyresmakt etter Plan- og bygningslova.

Rådmannen vil rå til at kommunen først avklarar rollen sin som grunneigar og så legg eventuelle føringar for reguleringsarbeidet.

Når det gjeld det opparbeidde grøntarealet i svingen, så er dette regulert til trafikkføremål og eigd av kommunen.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Høyring - Jordvernstrategi - strategi for fylkeslandbruksstyret og Fylkesmannen sitt arbeid med arealforvaltning og jordvern i S.og Fj

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/697

Arkiv: 142 &13

Sak nr.:	Utval	Møtedato
131/08	Formannskapet	25.11.2008
76/08	Kommunestyret	11.12.2008

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK:

**Leikanger kommune er nøgd med at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane formar ein strategi for jordvern.
Det er ikkje merknader til strategien.**

TILRÅDING:

**Leikanger kommune er nøgd med at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane formar ein strategi for jordvern.
Det er ikkje merknader til strategien.**

DOKUMENT:

- Høyring – jordvernstrategi – strategi for fylkeslandbruksstyret og Fylkesmannen sitt arbeid med arealforvaltning og jordvern i Sogn og Fjordane frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane dat. 21.10.2008 (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har på initiativ frå Fylkeslandbruksstyret utarbeidd eit utkast til jordvernstrategi og legg denne ut på høyring. Kommunane, fylkeskommunen og bondeorganisasjonane er høyringsinstansar. Høyringsfrist er 31.12.2008.

Strategien er bygd opp med 8 hovudpunkt. Strategien tek føre seg nasjonale og regionale mål og føringar, kva jordvernoppgåver som er lagt til Fylkeslandbruksstyret og Fylkesmannen. Vidare tek strategien føre seg jordbruksarealet i fylket og korleis utviklinga har vore samanlikna med andre fylke. Punkt 5 tek føre seg hovudmål og generelle strategiar. Målet er at omdisponering av jordbruksareal i fylket skal halverast til om lag 250 daa pr år i 2010.

For å oppnå målet skal fylgjande strategiar fylgjast:

1. Konstruktiv dialog med kommunane
2. Fokus på kommunane sitt ansvar for å sikre verdifulle areal
3. Oppmoda kommunane om å registrera og ta vare på Kjerneområde landbruk
4. Stille strengare krav til kommunane om å dokumentera utbyggingsbehov, vurdering av alternativ og landbrukskonsekvensar i arealplanlegginga
5. Oppmoda kommunane om å gjera ein god og nøyaktig jobb i rapporteringa.

Punkt 6 tek føre seg ulike konfliktområde og kva mål og strategiar som skal nyttast.

Punkt 7 utdjupar i kva høve det kan vera aktuelt å nytta bruken av motsegn.

I punkt 8 er det ei oppstilling av kva forventningar Fylkesmannen har til kommunane.

Vurdering:

I jordvernstrategien for Sogn og Fjordane set Fylkesmannen fokus på viktige faktorar for å redusera avgangen av dyrka jord. Kommunane har ei avgjerande rolle i arealforvaltninga gjennom vedtak knytt til *Plan og bygningslova* og *Jordlova*. Verkemidlane fylkesmannen har til å endra politikken i ei bestemt lei er å informera og å *oppdra* kommunane, å nytta motsegn mot kommunale planar eller omgjera vedtak om dispensasjonar. I denne strategien legg Fylkesmannen stor vekt på å vera i dialog med kommunane. Motsegn kan nyttast når det er mangefull dokumentasjon på konsekvensar eller det manglar alternative vurderingar.

Fylkesmannen vil i sin jordvernstrategi leggja stor vekt på ei heilskapeleg vurdering av den dyrka jorda. Store, samanhangande, lett drivne areal og høgt produksjonspotensiale skal ha ein høg terskel for omdisponering. Ved omdisponering av dyrka jord vert det lagt stor vekt på utnyttingsgraden, storleik på tettstaden og nærleik til sentra. Verdifull dyrka jord og kulturlandskapsområde skal ha høgare utnytting enn andre områder.

Leikanger kommune har i *Kjerneområde Landbruk* kartlagt viktige jordbruksområde og kulturlandskapsområde i kommunen. Denne kartlegginga vert nytta som ein del av grunnlagsinformasjon i kommuneplan og i samband med søknad om dispensasjonar.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Strategi og retningslinjer for SMIL- og NMSK-midler 2009-2012

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/125

Arkiv: 243

Sak nr.: Utval
77/08 Kommunestyret

Møtedato
11.12.2008

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek revidert strategiplan for bruk av SMIL–og NMSK – midlar for perioden 2009 – 2012 med tilhøyrande retningslinjer.

DOKUMENT:

- Brev av 15.02.08 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Framlegg til strategiplan for bruk av SMIL- midlar 2009 – 2012 (vedlagt)
- Framlegg til retningslinjer for bruk av SMIL- midlar for 2009 – 2012 (vedlagt)
- Forskrift om tilskot til spesielle tiltak i jordbrukets kulturlandskap 2004 –02-04-448
- Forskrift om tilskot til nærings – og miljøtiltak i skogbruket. 2004 – 02-04-447

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune er oppmoda av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om å fornya strategien for SMIL- og NMSK- midlar i løpet av 2008.

Administrasjonen har utarbeidd eit framlegg der det vart gjort nokre endringar på SMIL–strategien og teke vekk NMSK–strategien. Dette framlegget vart først sendt til næringsorganisasjonane. Dei vart seinare inviterte til møte for å gje innspel. Berre Systrond Grunneigarlag møtte. Framlegget vart sendt til Leikanger Bondelag, Leikanger og Sogndal Bonde – og småbrukarlag, Sogndal, Leikanger og Fjærland skogeigarlag, Syrstrond Grunneigarlag, Leikanger jordbrukslag, fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Framlegget har vore utlagt til høyring på heimesida til kommunen, ved annonse i Sogn Avis og utlagt på biblioteket. Høyringsfristen gjekk ut 1. desember. Det har ikkje komme inn merknader.

SMIL

Det er gjort mindre endringar i forhold til den gamle tiltaksstrategien. Det er teke høgde for innspelet frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om serleg å legge til rette for tilskot til saker som vedkjem biologisk mangfald. Dette er flytt fram til fyrste prioritet.

Prioritering:

- * Skjøtsel av kulturlandskap med tiltak knytt til opning og stell av landskap i område i kommunen som er viktige for reiseliv/friluftsliv, område som er registrert som spesielt interessante kulturlandskap og område som er spesielt interessante når det gjeld biologisk mangfald
- * Rydding av skog og kratt som hindrar utsyn frå riksvegen og utsiktsstader på kommune- og fylkesvegane
- * Tilrettelegging av tilkomst til areal med fri ferdsel, mellom anna parkeringsplassar og stiar knytt til fjorden og til vassdraga
- * Tilrettelegging av stiar og vegar for ålmenta, som. stølsvegar og gamle bygdevegar
- * Restaurering av bygningar (ikkje bustadhus)
- * Restaurering/tilrettelegging av kulturminne
- * Tiltak som gjeld dei gamle vatningsveitene.

NMSK

Midlar til tilskot til nærings – og miljøtiltak i skogbruket har ikkje hatt egne løyvingar i Leikanger dei siste åra. Det er difor ikkje sett opp eigen startegi for bruk av slike midlar. I aktuelle saker må det difor koma vurdering av kvart einskild tiltak der det kan omdisponerast SMIL – midlar eller ein kan søke Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om egne midlar.

Rådmannen si vurdering:

Det har vore praksis å tildela midlar i tråd med forskrift og strategi, der tildelt sum blir fastsett etter ei politisk vurdering av tiltaket og tal søknader. Det er ikkje teke med i strategien bruk av tilskotssatser eller prosent tilskot som del av kostnadsoverslag. Det er vanskeleg å ha fastsette tilskotssatsar og prosentar ettersom grunnlaget for kostnadsoverslaga er svært varierende. Det er heller ikkje lagt føringar for kostnadsoverslag eller kva vilkår som skal leggjast til grunn til dømes ved vurdering av om eit tiltak har rett til støtte, til dømes om hus skal restaurerast eller rehabiliterast for å kunne motta støtte.

Rådmannen tilrår at tiltaksstrategien med retningslinjer vert vedteken og at det vert nytta skjønsmessig vurdering av kostnadsoverslag og tilskot som tidlegare og at ein vurderer om kvar einskild søknad har rett til tilskot.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Plan for forvaltningsrevisjon 2009 - 2011

Sakshandsamar: Einar Ulla
Arkivsak nr.: 08/727

Arkiv: 216

Sak nr.:	Utval	Møtedato
78/08	Kommunestyret	11.12.2008
135/08	Formannskapet	11.12.2008

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2009 – 2011 for Leikanger kommune som førelagt.

DOKUMENT:

- Plan for forvaltningsrevisjon 2009 - 2011
- Tabell frå overordna analyse

SAKSUTGREIING:

Etter KommuneLOVEN § 76 er det kommunestyret som har det øvste ansvaret for internt tilsyn og kontroll i kommunane og skal etter § 77 velja eit kontrollutval til å stå føre dette tilsynet. Som ein del av dette tilsynet skal kontrollutvalet etter forskrift til kommunelova om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter valet utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal leggast fram for kommunestyret for godkjenning. I tillegg kan kommunestyret uavhengig av planen gje instruksar om kontrollhandlingar som kontrollutvalet skal utføre. Kommunestyret har også ansvar for at kontrollutvalet får tilstrekkeleg budsjettmidlar til å gjennomføra kontrollhandlingane i planen. Planen vert lagt fram som ein plan i perioden 2009 – 2011, men bør gjelde fram til ny plan er vedteken av kommunestyret.

Det vart i kontrollutvalsmøte 1.2.2008 gjennomgått og diskutert prosess for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. Det kom i møtet fram ein del innspel om aktuelle tema for ein overordna analyse. Deretter har formannskapet og administrasjonen si leiargruppe fått høve til å kome med sine innspel til analysen. I tillegg har sekretariatet kome med forslag til prosjekt basert på eigne vurderingar og samtalar med revisor.

Utvalet diskuterte område/prosjekt i utkast til overordna analyse på møte 8.10.2008. Det vart gjennomført ei vurdering av risiko/vesentlegheit på kvar enkelt punkt. Utvalet vurderte også relevans for det enkelte punkt i høve til innhaldet i KommuneLOVA (KL) § 1.

- Legge til rette for eit funksjonsdyktig kommunalt og fylkeskommunalt folkestyre
- Rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale og fylkeskommunale fellesinteressa innafør ramma av det nasjonale fellesskapet
- Medverke til bærekraftig utvikling

Ut frå desse tre områda kan ein vurdere risiko og vesentlegheit ut frå følgjande perspektiv:

- Fungerer lokaldemokratiet som føresett i kommunelova?
- Produserer kommunen dei tenestene innbyggjarane har krav på, og skjer produksjonen på ein rasjonell og effektiv måte?
- Medverkar kommunen gjennom si verksemd til ein bærekraftig utvikling?

Etter denne prioriteringa fekk sekretariatet i oppdrag å sette resultata inn i ein tabell (vedlegg 1), og deretter sende utkast til analyse til utvalet sine medlemmer til uttale.

Vi har lagt til grunn for prioriteringa følgjande omsyn:

- Vi har prioritert mellom dei revisjonstema med høgaste poengsum vist i vedlegg 1 (eitt tema med poengsum 5 og sju tema med poengsum 4; i alt åtte aktuelle revisjonstema).

Innafor dei åtte aktuelle revisjonstema har vi så lagt til grunn følgjande for å kome fram til tre tema:

- Vi ønskjer å dekke alle dei tre kommunelovtema vist i vedlegg (demokrati, tenesteproduksjon og berekraftig utvikling) med minst eitt revisjonstema.
- Vi prioriterar dei revisjonstema som venteleg har det mest tydelege revisjonsgrunnlaget; altså der nasjonale føringar (lover og retningslinjer) og/eller kommunalt vedtekne mål er klare og tydelege
- Vi prioriterar dei revisjonstema som det har vore mest lokalpolitisk interesse rundt

Med dette grunnlaget vert dei tre revisjonstema vi gjer framlegg om i prioritert rekkefølge:

1. Pleie og omsorg. Omfattar kommunelovtema ”demokrati” og ”tenesteproduksjon”.

Revisjonstema med høgaste poengsum (5) i vedlegg. Tema som ofte har vore oppe i den politiske debatten.

2. Sentrumsutvikling. Omfattar alle dei tre kommunelovtema. Eitt av 8 revisjonstema med nest høgaste poengsum (4). Eitt av to med nest høgaste poengsum som også er innafør kommunelovtemaet ”berekraftig utvikling”, men skil seg frå det andre revisjonstemaet med poengsum 4 (Verknadar av klimaendringar) ved at revisjonsgrunnlaget venteleg er meir tydeleg i form av vedtekne mål i kommunens arealdel. Tema som har vore oppe i den politiske debatten.

3. Barnehagekostnadar. Omfattar kommunelovtemaet ”tenesteproduksjon”. Eitt av 8 revisjonstema med nest høgaste poengsum (4). Tema som har vore vektlagt av kommuneadministrasjonen og som har vore diskutert politisk.

Den prioriterte lista er slik:

1. Pleie og omsorg

Eit aktuelt forvaltningsrevisjonsprosjekt er utnytting av sjukeheimen. På sjukeheimen er det vanskeleg å få plass, det er ventelister. Sjukeheimen har ledige lokalar då ei halv avdeling er stengt. Etter omlegging frå alders- og sjukeheim til sjukeheim er det blitt fleire pleietrengande/tyngre pasientar/brukarar som krev mykje ressursar, spesialkompetanse og teknisk utstyr. Dette har medført nødvendige endringar i drift. Har kommunen hatt tilstrekkeleg fokus og prioritert/tilrettelagt drifta ved sjukeheimen etter dei endringar som har vore?

- Har sjukeheimen naudsynte ressursar og kompetanse til å nå dei mål som er satt for verksemda, og til å oppfylle lover og forskrifter på området samt pasientrettigheter? Vert sjukeheimen utnytta på ein mest mogleg effektiv måte.
- Eit anna tema innafor pleie og omsorg er at rådmannen skriv i si årsmelding at det har vore brukt mykje overtid og vikarbyrå for å få bemanningskabalene til å gå opp.
 - i. Vert innkjøp av vikarar handsama i tråd med gjeldande regelverk?
 - ii. Vert bruk av overtid handsama i tråd med arbeidsmiljølov?
- Eit tredje tema er å sjå på utnytting av tilgjengelege ressursar for heile pleie og omsorgssektoren.
 - i. Er ressursbruk, organisering og virkemidlar effektive i forhold til dei mål som er satt på området?

2. Sentrumsutvikling på Hermansverk

Korleis har overordna mål om tettstadsutvikling blitt fulgt opp gjennom arealplan, byggesakshandsaming og fysiske tiltak?

3. Barnehagekostnader

Tal frå KOSTRA syner at barnehagekostnadane i Leikanger kommune ligg høgt samanlikna med andre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.

- Rapporterer kommunen riktig i KOSTRA? Kvalitetssikring av kostrarapportering. Dersom kommunen rapporterer riktig og likt med andre kommunar må vi sjå på:
- Er barnehagane organisert på den mest effektivt måten?
- Er sjukefråveret høgt - kva er eventuelt årsak til dette?

Dei resterande område/prosjekt i tabellen (vedlegg 1) vert teken med i saksutgreiinga til sak om Plan for Forvaltningsrevisjon som utvalet skal handsame i møte 20.11.08, og som skal til kommunestyrehandsaming 11.12.08.

Dei punkt som ikkje er med i tabellen er å sjå på som idear som vert ståande i utvalet sin overordna analyse, og som kan vere innspel til kontrollhandlingar i komande år.

Område som er vurdert til plan for forvaltningsrevisjon, men som ikkje er prioritert av kontrollutvalet (urangert liste):

Skule – vekslende storleik på barnekull

Leikanger kommune har ein barneskule og ein ungdomsskule. I følgje rådmannen sin årsmelding for 2007 var talet på elevar ved barneskulen 214 og elevtalet ved ungdomsskulen 90. Vekslende barnekull frå år til år gjev utfordringar når det gjeld SFO, undervisningsrom og personale på begge skulane. Korleis førebur skulane seg på endringane i elevtal.

- Har Leikanger kommune etablert planar, tiltak eller prosesser for å unngå at desse utfordringane går utover lovpålagde tenester, og samtidig halde seg innafør vedteke budsjett?

Bygging av fleirbrukshall

Kommunestyret vedtok i sak 31/07 å byggje ny fleirbrukshall i sentrum. Totalkostnadane ved ny fleirbrukshall er berekna til 20,5 mill. ekskl. mva. Dette er ei stor investering for kommunen som skal dekkast inn ved bruk av eigenkapital, låneopptak og diverse tilskot. Det kan vere aktuelt for kontrollutvalet å sjå på følgjande:

- Økonomi og mva problematikk
- Oppfølging av vedtak
- Styring av prosjektet
- Vert regelverk om offentlig innkjøp fylgt
- Konsekvensar – eventuelle framtidig binding av midlar for kommunen
- Kostnadsstruktur ved bygging
- Kva vert gjort for å fylle hallen med aktivitetar?
- Kommunesn sin kostnadar ved å drive hallen?
- Kommunen sin prosess med store investeringsprosjekt

Bygging i kommunal regi – generelt

Kommunen driver med forskjellige byggeprosjekt til ulike tider. Har kommunen gode og tilstrekkelige rutinar for sin byggeaktivitet?

Tinghuskomplekset

Kommunen har ledige kontorlokale i Tinghus II og III, der fylkesmannen og andre etatar heldt til før fylkesmannen bygde nytt statens hus, og flytta i 2005. Det har vore fleire initiativ for å få til aktivitet i desse husa, utan at ein har lukkast i det. No står desse lokala tomme, utan at det er klart kva dei kan nyttast til. Kommunen har for tida ingen leigeinntekter eller skatteinntekter på eventuell næringsverksemd i lokala.

Ved å ta utgangspunkt i kommunestyret sine eventuelle vedtak og føresetnader på utnytting av dei tomme kontorlokala, vil ein vurdere om administrasjonen sin ressursbruk og virkemiddel har vore effektive. Har administrasjonen nytta nok ressursar til oppgåva, eller er det andre forhold som gjer at lokala framleis står tomme.

Eit anna kommunalt bygg som står delvis tomt er den gamle sjukeheimen i Hatlebakkane. Har Leikanger kommune tilfredsstillande rutinar og retningslinjer for utnytting av kommunale bygg?

Tomme lokalar forfell raskt. Har kommunen ein heilskapleg plan for vedlikehald av den kommunale bygningsmassen, og vert denne fylgt opp?

Rutinar for kjøp og sal av eigedom/grunn i Leikanger kommune

Kommunen har i den seinare tid hatt to uheldige saker vedrørende kjøp og sal av eigedom. I samband med sentrumsplanen fekk kommunen tilbod om å kjøpe eigedom i sentrum. Kommunen kjøpte ikkje, men måtte ei tid seinare kjøpe eigedomen for ein vesentleg høgare sum. Den andre saka er avkøyring til Nybø, eit privat utbyggingsfelt som vart starta opp i 2006. Her var det problem i høve til veg til dette feltet, bl.a det å kome til semje med grunneigar.

Kva for retningslinjer/rutinar har kommunen for kjøp og sal av eigedom. Er desse retningslinjene/rutinane tilstrekkelege, og vert desse fylgt.

Vedlikehald av vegane i kommunen

Mangelfullt vedlikehald på vegane i kommunen. Finnast det ein heilskapleg plan for vedlikehaldet av dei kommunale vegane, og vert denne fylgt opp?

Kraftfondet

Leikanger kommune har eit kraftfond som vart etablert etter salet av kommunen sine aksjar i Sognekraft AS. I vedtektene for kraftfondet står det at ein del av den årlege avkastninga kan nyttast til dei føremål som kommunestyret vedtek. Kommunen budsjetterer og finansierer blant anna løpande driftsutgifter med forventa avkastning av kraftfondet, jf rådmannen sin årsmelding for 2007.

- Er kommunen sin forvaltning og bruk av kraftfondet i tråd med gjeldande vedtekter, retningslinjer og finansreglement?
- Er kommunen blitt for avhengig av avkastninga av kraftfondet i sin daglege drift. Kva for risiko er forbundet med dette?

Verknadar av klimaendringar

Har kommunen i sin kommuneplan teke høgde for eventuelle endringar som kan bli resultatet av globale miljøendringar?

Miljøvurderingar i årsmeldingar og offentlege innkjøp

Nyttar kommunen seg av dei moglegheitene som finnast innafør miljøvennleg energi- og oppvarming?

Kommuneplanarbeidet

Kommunen skal utarbeide ein samordna plan for den kommunale verksenda. Denne planen vert også revidert og rullert. Gjennomfører kommunen sitt planarbeid på ein mest mogleg effektivt måte?

Bustadbygging – tilrettelegging frå kommunen

Ny trygg veg gjennom Fatlaberget kan vere ein faktor til nyetableringar i næringslivet/arbeidsplassar og tilflytting. Er det satt i verk tiltak for å utnytte denne situasjonen så raskt som mogleg? Har kommunen lagt til rette for ytterlegare bustadbygging? Sal av tomter – korleis vert tomteprisane fastsett. Eventuelle rutinar/retningslinjer for dette? Korleis følgjer administrasjonen opp politiske vedtak på området?

Skule - spesialundervisning og ressursbruk i skulen

Årsmelding for 2007 syner at både talet på framandspråklege elvar og elevar med spesialundervisning etter einskildvedtak har auka. Rådmannen seier også i årsmeldinga at frå

skuleåret 2008/2009 skal rektorane få delegert vedtaksmynde om tildeling av spesialundervisning. Aktuelle problemstillingar kan vere:

- Får framandspråklege elevar og elevar med spesialundervisning den undervisninga dei har krav på?
- Er det etablert tilfredsstillande rutinar og retningslinjer for tildeling av spesialundervisning ved dei to skulane?
- Er sakshandsamingsprosessen, frå innmeldt sak/vurdering frå PPT/vedtak om spesialundervisning/organisering, kostnadseffektiv?
- Er ressursbruk og virkemidlar effektive i forhold til dei mål som er satt på området?

Skule - rådgjeving

Rådgjevingstenester på skulen er ein lovfesta rett, jf opplæringslova § 9-2. Fungerer rådgjevingstenesta ved ungdomsskulen etter føresetnadane i opplæringslov og eventuelle andre vedtak.

Lønnsområde

For deltidsstillingar – berekning av variabel lønn i høve til fast turnus/stillingsstorleik. Vert dette gjort riktig? Har kommunen eit tilfredsstillande system for dette?

Innkjøp

Dette er eit viktig område da det er eit komplisert regleverk som skal overhaldast. Det kan få store konsekvensar viss brot på regelverket fører til innmelding i KOFA og eventuelt erstatningsansvar gjerast gjeldande.

- Vert innkjøpsreglementet fylgt i kommunen?

Styringssystem:

Korleis fungerer kommunen sitt styringssystem? Er det utfordringar for administrasjonen i høve til opplæring, justeringar av systemet som skjer undervegs og bruken av styringsdokumenta i kvar eining. Avviksmeldingar - er det ein del av styringssystemet? Følgjast dette opp på ein effektiv måte?

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Plan for selskapskontroll 2009 - 2011

Sakshandsamar: Einar Ulla
Arkivsak nr.: 08/728

Arkiv: 216

Sak nr.:	Utval	Møtedato
79/08	Kommunestyret	11.12.2008
136/08	Formannskapet	11.12.2008

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek vedlagde plan for selskapskontroll for perioden 2009 – 2011, eller til ny plan vert vedteken.

DOKUMENT:

- Plan for selskapskontroll 2009 - 2011

SAKSUTGREIING:

1. BAKGRUNN

I forskrift om kontrollutval § 13 står det:

”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll”

Kommunar og fylkeskommunar har ofte eigarskap i ulike selskap med ulike formål for eigarskapet. Det har etter kvart blitt meir vanleg å nytta fristilte organisasjonsmodellar, til dømes selskap og stiftingar, i sin tenesteproduksjon. Dette medfører at organiseringa av den fylkeskommunale verksemda blir meir kompleks. Dette kan igjen medføre styringsmessige utfordringar for fylkestinget, og reiser spørsmål i forhold til tilsyn og kontroll med denne type

verksemd. Det at man velgjer ein anna organisasjonsmodell for fylkeskommunale oppgåver burde ikkje som ein konsekvens av det føre til mindre tilsyn og kontroll frå fylkeskommunen.

I følgje forskrift om kontrollutvalet § 13, er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen eller fylkeskommunen sin interesser i selskap m.m.

2. UTGREIING

I Kommunelova (KL) § 77 og § 80 er selskapskontrollen sitt innhald nærare omhandla. Selskapskontrollen kan delast i to:

- a) Engasjementskontroll (obligatorisk, koml. § 77 nr. 5)
Denne omfattar kontroll med forvaltninga av kommunen sitt engasjement i selskap m.m., mellom anna å kontrollere at Leikanger kommune sine interesser vert følgde opp i samsvar med Leikanger kommune sin føresetnader og strategi for engasjementet.
- b) Eigarskapskontroll (frivillig, koml. § 80)
Denne kontrollen omfattar undersøkingar i interkommunale selskap eller aksjeselskap der Leikanger kommune aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar eig 100 % av selskapet.

Eigarskapskontroll skal berre utførast i nødvendig utstrekning og omfang, t.d. dersom det kan bli avdekka tilhøve gjennom engasjementskontrollen i enkeltelskap som kan gje grunn til nærare undersøkingar, eller gjennom andre analysar som kontrollutvalet byggjer på eller får gjennomført.

Eigarskapskontroll i form av forvaltningsrevisjon i selskap skal vedtakast av kommunestyret, etter framlegg frå kontrollutvalet og gjennomførast i samsvar med forskrift om revisjon kap. 3 om forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet tek stilling til den konkrete bestillinga av forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontrollen kan vidare inndelast i følgjande områder:

Kontroll ved selskapsetablering:

Kontroll ved selskapsetablering eller ved kjøp av aksjar eller andelar i selskap. Kontrollaspektet i slike situasjonar er å vurdere om verdiane kommunen skyt inn i verksemda, er i samsvar med kommunestyret sine føresetnadar og om innskotne verdiar står i eit rimeleg forhold til motytinga i form av aksjar, innskotskapital etc. I tillegg ei vurdering av om konstituering av selskapsorgana mm har skjedd i samhøve med aktuelt lovverk og ei vurdering av selskapet sine vedtekter opp mot kommunestyret sine føresetnadar for etableringa.

Ordinær eigarskapskontroll:

Den overordna målsettinga for kontrollane er å få ein stadfesting av at den som utøve kommunen sin eigarinteresse
- utøve myndet på den måten som er fastsett i aktuell lov for verksemda

- tek vare på kommunen sin eigarinteresse i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader vedrørende forvaltninga av eigarinteressene.

Eigarskapskontrollen vil gjerne ha slik innhald:

1. Kontroll med at verksemda føregår i samsvar med gjeldande lover, reglar og verksemda sine vedtekter.
2. Kontroll med at verksemda føregår innafør rammene av kommunen sine vedtak og føresetnader.
3. Vurdering av den enkelte verksemd sett frå eit eigarperspektiv.
4. Eventuelle andre forhold.

Kontrollane heng saman og grip inn i kvarandre.

Mynde i eigenskap av eigar utøves ved vedtak i generalforsamling/representantskapsmøte. Dersom fylkeskommunen har oppnemnt medlemar til styret i verksemda kan det og være aktuelt å vurdere kva rolle desse har hatt for å sikre at verksemda vert driven innafør kommunen sine føresetnader for kommunen sitt engasjement i selskapet. Når det gjelder vurderingar i forhold til eigarperspektivet vil fokus blant anna setjast på om verksemda vert driven økonomisk forsvarleg og at verksemda forvaltar sine eigendelar og kapital på ein sunn og effektiv måte. Her kan det bli aktuelt å vurdere selskapet sin status, økonomi og driftsmessige forhold som organisering, leing, omstillingsevne, og oppnådde resultat sett i forhold til samanliknande verksemder.

Kontroll ved sal eller avvikling av verksemd

På lik linje med kontroll ved kjøp av verksemd kan det og vera aktuelt med ei viss grad av innsyn i prosessen ved avvikling av eller ved sal av verksemder. I denne samanheng er det naturleg å vurdere om eventuelle føresetnader ved salet er oppfylt og om vederlaget står i forhold til verdiane i verksemda.

Forvaltningsrevisjon:

Forvaltningsrevisjon som ein del av selskapskontrollen vurderast som mest formålsteneleg i dei type selskap som driv med forvaltningsoppgåver for kommunen.

3. GJENNOMFØRING

I forskrift om kontrollutval § 13,3.ledd står det at kontrollutvalet avgjer kven som skal gjennomføre selskapskontroll på sine vegne. Då eigarskapskontroll ikkje er definert som revisjon kan dette i følge lovverket gjerast av kontrollutvalet sitt sekretariat. I vårt tilfelle gjev selskapsavtalen for SF revisjon IKS selskapet rett til å utføre selskapskontroll for eigarane.

I kommuneloven § 80 står det at det er kommunestyret/fylkestinget som fastesett reglar for selskapskontroll og fastset kva for dokument mm som skal innhentast i samband med dette. I departementet sine merknadar står det at utvalet og revisors generelle innsynsrett ikkje kan avgrensast av slike reglar. Vidare står det at kontrollutvalet og kommunen/fylkeskommunen sin revisor skal varslast og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarande organ. For å kunne gjennomføre selskapskontroll, slik vi forstår lov, forskrift og føresetnader, er det nødvendig å få tilsendt frå selskapa:

- årsrekneskap/konsernrekneskap
- styret sin årsmelding
- revisjonsmelding
- nummererte brev frå revisor
- møteinnkallingar og protokollar frå generalforsamling/representantskap og styremøte
- eventuell melding om si utøving av mynde frå den som utøve kommunen/fylkeskommunen si eigarinteresse

Det er avgrensa kva selskap kommunen har eigarinteresser i. Dersom ein har eit omfattande eigarskap, vert det prøvd å prioritere i følgjande rekkefølge:

- Selskap som gjev eit direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
- Selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
- Selskap som er heileigd av kommunen
- Selskap der kommunen har monalege eigarinteresse, enten i tal aksjar (fleirtal) eller har stor økonomisk del av aksjekapitalen

Eit mogleg problem som kan oppstå i samband med selskapskontroll/eigarskapskontroll er at det kan mangle:

- klare vedtak knytt til eigarinteressa i dei ulike selskap
- system og rutinar for oppfølging av eigarskapet

Viss dette er tilfelle vil kontrollutvalet prøve å vere ein pådrivar for å få til eit styringssystem/eigarskapsstrategi for dei selskap som kommunen engasjerer seg i. Ein slik strategi kan bl.a innehalde:

- Intensjon og forventningar med eigarskap i det einstilte selskap
- Rutinar for val av representantar til generalforsamlingar
- Rutinar for informasjon og eventuelt instruksjon til generalforsamlingsrepresentantar
- Rutinar for styrerepresentantar som klargjer representanten sitt ansvar for styrearbeidet til selskapet og ansvaret overfor kommunen som eigar og forvaltningsorgan
- Om tilsette frå administrasjonen kan sitja i styreverv for kommunen, og kven som eventuelt kan bli valt
- Rutinar for gjennomgang av mottekne dokument og anna informasjon frå selskapa
- Ved eigarskap i selskap som ikkje er omfatta av kommunelova § 80, bør det vurderast om ein skal sikre seg innsyn og kontroll, bla gjennom selskapet sine vedtekter .

Viss det blant fleire eigarar er ønskje om å gjennomføre selskapskontroll i eit selskap, bør kontrollutvalet prøve å samordne dette.

4. RAPPORTERING

I forskrift om kontrollutval §15 står det at kontrollutvalet avgjer korleis selskapskontroll skal rapporterast, både til kontrollutvalet og kommunestyret. Departementet har i sine merknader uttalt: "Det vil være naturleg at rapporter vidareformidles fortløpende til kontrollutvalget". Vidare uttalar departementet: "Kontrollutvalget avgjør selv hvor ofte kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret/fylkestinget". Ut frå dette vert det tilrådd at det rapporterast

fortløpande til kontrollutvalet etter gjennomført selskapskontroll, og at kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret minimum ein gong i året.

5. DELEGERING

I forskrift om kontrollutval § 13,2.ledd skal plan for selskapskontroll vedtakast av kommunestyret. Etter same paragraf kan kommunestyret delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planen i planperioden. Det vert tilrådd at kommunestyret vedtek slik delegering.

Det kan utarbeidast eigne retningslinjer som byggjer på plan for selskapskontroll. I denne sakshandsaminga er slike hovudavklaringar prøvd innarbeidd i planen, medan kontrollutvalet bør kunna nyansera ytterlegare der det måtte vera trong for det.

Kontrollutvalet bør sjølv kunna avgjera kva for sakspapir som kan vera aktuelle for innsyn, og trongen for deltaking på generalforsamling eller tilsvarende organ.

6. KONKLUSJON

Med bakgrunn i denne saksframstillinga foreslår sekretariatet ein plan for selskapskontroll slik den kjem fram av vedlegg til saka.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Kraftfondet - alternativ plassering

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad Arkiv: 242
Arkivsak nr.: 08/768

Sak nr.:	Utval	Møtedato
80/08	Kommunestyret	11.12.2008
138/08	Formannskapet	11.12.2008

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek å la kapitalen til kraftfondet stå i ro inntil vidare med nåverande plassering i marknaden.

Kommunestyret vedtek å ta spørsmålet om alternativ plassering opp til ny vurdering når marknadsv verdien har henta seg opp att t.d når hovudindeksen på Oslo Børs når 400.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Historisk sett har plassering av ledig likviditet i marknaden, d.v.s aktiv forvaltning gjevi større avkastning enn plassering i rentemarknaden.

Når kommunen selde aksjane i Sognekraft AS i 2001 var eitt av argumenta at ein skulle få større avkastning på kapitalen enn dei årlege utbytta.

Kommunen plasserte midlane frå salet i marknaden i 2001. Sidan har portefølgen hatt ei tidsvekta avkastning på 44,23%. I rentemarknaden ville ein oppnådd 44,09% med 12 mnd binding og 40,24 med 3 mnd binding.

I dette bildet er det teki omsyn til den kraftige verdireduksjonen i finansmarknaden etter sommaren 2008.

Tabellen nedanfor syner forfoldet til avkastning mellom aktiv forvaltning (portef) og bankinnskot:

TIDSVEKTET AVKASTNING VS. INDEKSER**Leikanger Kommune**

For perioden fra 12-31-00 til 10-31-08

Tidsperiode	Tidsvektet avkastning (%) for porteføljen vs. indekser					
	PORTEF.	BENCH (80/20)	RENTER 12 MND	OSLO OSEBX	FT VERDEN	RENTER 3 MND
12-31-00 til 12-31-01	1,81	-1,01	7,67	-16,57	-16,87	7,36
12-31-01 til 12-31-02	-1,95	-9,86	6,91	-31,09	-38,42	6,85
12-31-02 til 12-31-03	11,41	10,95	7,10	48,40	26,16	4,80
12-31-03 til 12-31-04	10,50	6,61	2,74	38,45	2,71	1,95
12-31-04 til 12-31-05	15,49	9,07	2,00	40,48	21,79	2,01
12-31-05 til 12-31-06	12,54	8,06	2,41	32,44	9,68	2,75
12-31-06 til 12-31-07	3,84	5,89	4,36	11,45	-5,55	4,42
12-31-07 til 10-31-08	-13,04	-8,19	4,36	-50,12	-25,85	4,55
Hele perioden						
12-31-00 til 10-31-08	44,23	20,92	44,09	22,16	-37,95	40,24
Annualized	4,79	2,45	4,77	2,59	-5,91	4,41

Vurdering

Den 18.12.01 overførte kommunen kr 140.496.161 av kraftfondet til aktiv forvaltning. I etterkant måtte kommunen betale til saman kr 26.457.496 i skatt frå aksjesalet. Etter dette vart den samla kapitalen til forvaltning redusert til kr 114.386.665.

Kommunen fekk seinare attendeført innbetalt skatt med kr 1.014.636 i 2004

Fram til desember 2008 har kommunen hatt eit samla uttak av midlar på vel 110. mill kr.

Portefølgen har i dag ein marknadsverdi på 73.667.501 inkl påløpne renter.

Uttaket i 2008 har vori på kr 28.087.625.

Avkastninga sidan årsskifte er på – 13,9%. Sidan oppstart er den pengevekta avkastninga på 58,77%.

Kommunestyret ønskjer å få ei vurdering på korleis midlane bør plasserast framover.

Rådmannen tolkar spørsmålet som meire aktuelt etter at uroa i finansmarknaden slo inn etter sommaren 2008 der verdien på kraftfondet er redusert med om lag 16 mill kr i løpet av eit ½ år.

Rådmannen har i ein rekke samanhengar, spesielt i årsmeldingane og kommentarane til økonomiplanen, peikt på at kommunen set seg sjølv i ein svært utrygg posisjon ved å budsjettere med forventa avkastning frå kraftfondet før ein veit om situasjonen verkeleg utviklar seg slik.

Vedtektene for kraftfondet regulerer dette noko annleis der årleg avkastning på grunnkapitalen fyrst skal dekke årlege driftskostnader med forvaltninga, deretter skal grunnkapitalen aukast opp med ein så stor sum at realverdien av kapitalen blir oppretthalden. Resten av den årleg

avkastninga skal nyttast til føremål som kommunestyret vedtek.

I perioden 2003 – 2008 har kraftfondet gjevi god avkastning og langt høgare enn bankinnskot. Saman med den delen av fondet som kan nyttast som driftsmidlar, om lag 10 mill, har ein i denne perioden greidd å bygge opp eit disposisjonsfond på kr 34,4 mill. Av dette er 15 mill kr øymerka som bufferfond i tilfelle nedgang i marknadsverdien.

På den andre sida er det lagt inn i budsjettet for 2008 forventa inntekt i form av avkastning på kr 4,6 mill kr. Det er lite som tyder på at marknaden vil snu mot slutten av året og at heile denne summen blir ståande som manglande inntekt ved nyttår.

Det er ikkje mogleg å redusere tilsvarande og resultatet blir ein stor svikt i rekneskapen som må dekkast opp på annan måte.

Dette går bra så lenge ein kan nytte disposisjonsfond, men her er viktig å vera merksam på at midlane på disposisjonsfondet er ein del av den samla kapitalen på kraftfondet. Dess meir vi brukar av disposisjonsfondet blir kapitalen, d.v.s behaldninga på kraftfondet, redusert tilsvarande.

Slik situasjonen i marknaden i år har utvikla seg kjem kommunen raskt i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Kommunen opplevde det same i 2002.

Erfaringa den gongen var at marknaden henta seg raskt opp att og hjelpte godt til med inndekkinga av underskotet ein fekk.

Det er ikkje greitt å spå kor lenge den vi er inne i nå vil vare. Dersom marknaden ikkje hentar seg inn att i løpet av 2009 har ikkje kommunen midlar til å dekke inn ytterlegare nedgang. I tillegg er det i framlegget til økonomiplan 2009 - 2012 lagt inn forventa årleg avkastning på 4,5 mill kr.

Dette syner at kommen tek ein relativ stor økonomisk risiko ved å plassere midlane i den aktive marknaden. Risikoen ville vorti monaleg redusert om kommunen hadde hatt økonomisk styrke til å la kraftfondet "leve" uavhengig av drifta saman med at ein nyttar avkastninga berre slik vedtektene regulerer det.

Framover bør ein heller ikkje forvente at marknaden vil få like stor auke som ein opplevde i perioden 2004 – 2007.

Alternativet til aktiv forvaltning er å plassere midlane i pengemarknden, dv.s pengemarkedsfond eller bankinnskot. Innskot i bank er den tryggaste og mest forutsigbare løysinga der ein kan inngå avtale om fastrente for kortare eller lengre tidsrom.

I budsjett- og reknaskapssamanheng vil ein på førehand vera trygg på å få dei inntektene ein legg inn. Dette samanhalde med at ein ikkje spring nokon risiko med sjølve grunnverdien av kapitalen. Føreset at banken ikkje går konkurs er risikoen avgrensa til inflasjonen.

Rådmannen finn det vankeleg å koma med ei klar tilråding om kva strategi kommunen bør velje framover.

Rådmannen er likevel klar på at vidare aktiv forvaltning føreset at kommunestyret set av framtidige overskot til oppbygging av nytt disposisjonsfond og bufferfond. Det bør nyttast ein mindre del av avkastninga til løpande drift.

Kommunen bør også avgrense den tette bindinga som i dag ligg mellom drifta og fondet.

Kommunen må med andre ord ha ein klarare strategi for disposisjonen og bruken av midlane.

Alternativet er å plassere midlane i form av bankinnskott. Da veit ein kva ein får, men faren er at midlane over tid blir redusert som følge av inflasjonen og lettare tilgjengelege for uttak.

Plassering i form av bankinnskott kan illustrerast med følgjande eksempel:

Langsiktige plasseringar krev i utgangspunktet større beløp, samtidig som vi ser at banken sikrar seg ved å tilby lågare rente di lenger fram ein bind kapitalen:

Utgangspunktet for dette oppsettet er rentesituasjon pr. 12.06.2008, jfr tilbod frå Sparebanken Sogn og Fjordane.

Mest truleg er dette ein rentesituasjon som er prega av lite kapital i marknaden og vi må forvente at seinare førespurnader vert noko lågare.

Årleg kapitalisering ved binding ut over eitt år.

Bindingsperiode	Min. kapital	Rente, nom.
6 mnd	10 mill	6,80 %
1 år	10 mill	6,90 %
2 år	20 mill	6,75 %
3 år	30 mill	6,70 %
5 år	50 mill	6,45 %
7 år	50 mill	6,30 %

Til samanlikning kan vi ta med at på same tidspunkt var 3 års statsobligasjonsrente notert til 3,21 %, 5 år 3,28 % og 10år 3,64 %.

Nibor (pengemarknadsrente) var den 12 juni:

1 mnd	2 mnd	3 mnd	6 mnd	9 mnd	12 mnd
5,29%	5,36%	5,55%	5,08%	4,85%	4,75%

Styringsrente i Norges Bank er 5,5%.

Leikanger kommune sin bankavtale på folio/kortsiktig kreditt tek utgangspunkt i 3 mnd Nibor, omrekna til 365/365 med frådrag av 0,2 punktet på innskott og tillegg på 0,3punkt på utlån. Pt. 6,01% og 6,51%.

Konklusjon:

Rådmannen meiner kommunen ikkje bør gjera endringar i forvaltninga så lenge marknadsverdien på midlane synest å vera ned mot eit "botnnivå".

Dersom kommunen realiserer verdien på obligasjonane og aksjane nå, vil ein måtte bokføre den samla reduksjonen utan potensiale for ny inntening.

Alternativet er å ha tru på at marknaden over tid vil ta seg opp, jfr situasjonen hausten 2002, der ein kan godskrive stigninga etterkvart som den måtte koma.

Det er ei heilt umogleg oppgåve å spå utviklinga på finansmarknaden framover. Rådmannen har likevel valt å legge vekt på at kommunen sine aksjar er plasserte i norske selskap som har god inntening, lite gjeld, solide produkt og gode marknadsutsikter framover.

Når det gjeld obligasjonane er dei plassert i norske finansinstitusjonar som DnB, Storebrand,

Kommunalbanken og større Sparebankar og skal ikkje innehalde skjulte pakkjar som t.d CDO

Rådmannen vil tilrå at ein let midlane på kraftfondet stå urørte ei tid framover og heller tek vurderinga om alternativ plassering opp til ny gjennomgang når marknadsverdien har henta seg inn t.d når hovudindeksen på Oslo børs overstig 400.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Reglement for finansforvaltning

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
 Arkivsak nr.: 07/876

Arkiv: 250

Sak nr.:	Utval	Møtedato
137/08	Formannskapet	11.12.2008
81/08	Kommunestyret	11.12.2008

TILRÅDING:

Leikanger kommune vedtek vedlagt reglement som sitt ”Reglement for finansforvaltning”.

DOKUMENT:

- Reglement for finansforvaltning (desember 08)(vedlagt)
- Vurdering av finansreglement frå SF-revisjon(vedlagt)

SAKSUTGREIING:

I desember 2007 sende Kommunal- og Regionaldepartementet brev til alle kommunar og fylkeskommunar med ei oppmoding om at ein går gjennom finansreglement og portefølje og vurderer om dei er i samsvar med kommunelova, samt om dei disposisjonar ein har gjort, er i tråd med reglementet.

For å imøtekome denne førespurnaden, har rådmann vore i kontakt med SF-revisjon og fått uttale og vurdering av kommunen sitt finansreglement.

Ein har no gått gjennom uttalen får revisjon og ein har vidare teke store deler av dei merknader som er kome frå revisjon, inn i eit forslag til nytt reglement.

Då eit slikt reglement treng ei stor grad av konkrete presiseringar samt at det skal vera eit godt arbeidsdokument for kommunen og forvaltaren, har vi på noverande tidspunkt ikkje innarbeida alle dei forhold som vart påpeikt av revisjon.

Reglementet er korrigert slik at dei punkt revisjon påpeikar under ”Forholdet til lover og reglar” er tekne inn. Derimot er ikkje alle punkt under punkt 3, ”forholdet til effektiv og rasjonell drift”, innarbeida.

Rådmann meiner likevel at dette er eit godt utkast til nytt reglement og at ein vil arbeide vidare med reglementet i 2009.

Som ein del av det nytt reglement, vert reglementet å ta opp til vurdering kvart år.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Orienteringar

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 08/764

Arkiv:

Sak nr.: Utval
82/08 Kommunestyret

Møtedato
11.12.2008

TEMA:

1. **KRD – rundskriv av 21.11.2008 vedk ny offentleglov (vedl)**
2. **Kraftfondet – status 3 desember 2008 (vedl)**
3. **Fleirbrukshallen – oppdatert kostnadsoppstilling (vedl)**
4. **Fast vikar i barnehagane – notat (vedl)**
5. **Møteplan for politiske utval 1 halvår 2009 (vedl)**